

Saksbehandlar: Sigrid Ølmheim, Plan og samfunn
Sak nr.: 20/5054-39

Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

**Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:
Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15.
2. Rådmannen får fullmakt til å justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.

Vedlegg:

1. Samfunnstrendar
2. FN sine berekraftsmål
3. Nasjonalt smartbyvegkart
4. Folkehelseoversikt for Vestland fylke
5. Folkehelseprofil for Sogndal kommune
6. Oppvekstprofil for Sogndal kommune

Andre relevante dokument i saka:

Utkast til samfunnsplan, lagt ut til offentlig ettersyn i mars 2021
Orienteringar i politiske utval i desember 2020 og februar 2021
Heilskapleg ROS-analyse for Sogndal kommune, vedteken 18.02.2021
Planprogram for samfunnsplanen, vedteke 10.09.2020
Planstrategi, vedteken 18.06.2020
Visjon og verdiar for Sogndal kommune, vedteke 18.06.2020

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Samfunnsplanen skal vere det øvste styringsdokumentet i planhierarkiet til ein kommune. Sogndal starta arbeidet sommaren 2020, og har utarbeidd planen i tett samspel mellom administrasjon, politikarar, innbyggjarar og andre sektormyndigheiter. Resultatet av prosessen vart lagt ut på høyring i mars 2021.

2. Korleis forstå samfunnsplanen?

Den første delen av planen seier kven me er, den andre skildrar samfunnsmåla våre mot 2030 og den tredje peikar ut satsingsområda våre.

Samfunnsmåla våre – livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit – skal vere rammene for alt me gjer og inneber at me skal følgje føringar og lover, ha ein sunn økonomi og vere ein god kommune for alle innbyggjarar, lokalsamfunn, verksemdar og interesseområde.

Planen framhevar deretter fem satsingsområde som konkretiserer utviklingsarbeidet vårt og seier kva me skal prioritere for å møte framtida på ein god måte. Samtidig seier satsingsområda mykje om korleis me som organisasjon skal jobbe, og er i heilskap ein demonstrasjon av korleis me skal bruke visjonen, verdiane og samfunnsmåla. Slik hjelper samfunnsplanen oss med å innrette alt me gjer i ein felles retning, slik at me når samfunnsmåla våre.

3. Grunnlaget for planen

Samfunnsplanen har fått stor merksemd i høyringsperioden, og særleg publiseringa av den som eiga nettside på utfordrarbygda.no har gjeve mange høve til å sjå, lese og forstå planen på ein anna måte enn kva som er vanleg for samfunnsplanar i kommunar elles.

Høyringsutkastet er eit resultat av ein omfattande medverknadsprosess, som vart gjennomført i perioden oktober-november hausten 2020. Sogndal kommune ønskjer reell medverknad i utarbeidinga av den mest overordna planen som skal gjelde for kommunen i åra framover, og valet om å gjere medverknaden tidleg handlar om å gje innbyggjarar og aktørar elles sjansen til å forme sjølve grunnlaget for planen. Det skapte ein annan inngang til høyringsfasen – då ba me innbyggjarane om å sjå om resultatet var i samsvar med dei samla innspela og det kunnskapsgrunnlaget som vart lagt til grunn.

4. Innspel i høyringsperioden

Det kom inn 40 innspel i høyringsperioden, frå høyringspartar, næringsliv, offentlege verksemdar, lokale politiske parti, kommunale råd, frivillige organisasjonar, nabokommunar og innbyggjarar. Innspela som er komne inn ber preg av at medverknaden har kome tidlegare – dei aller fleste av innspela understrekar ulike perspektiv i planen som er særleg viktige for dei som har sendt inn. Det er difor i hovudsak berre gjort mindre endringar frå det utkastet som vart lagt ut på høyring. Det er likevel gjort nokre endringar i planen, på bakgrunn av innspel og drøftingar i administrasjonen. Endringane som gjeld innhaldet i planen er merka med raudt i dokumentet. I tillegg er det gjort små redigeringar som ikkje er merka.

Nokre innspel tek opp at ulike tema er lite synlege. Alle samfunnsområde spelar ei rolle i heilskapen og er omfatta av planen, men ein struktur der alt var like mykje framheva ville ha gjort planen svært vanskeleg å følgje opp, og ville ikkje ha bidrege til at me nådde måla våre. Dei fem satsingsområda spelar på fortrinna våre, gir felles retning for alt me driv med og vil saman gjere oss rusta til å møte framtida.

5. Konklusjon

Samfunnsplanen legg tydelege føringar for kva Sogndal kommune skal satse på, og korleis ein skal handle for å nå samfunnsmåla og innhaldet i satsingsområda som samfunnsplanen peikar på. Når alle dreg ilag og legg samfunnsplanen til grunn for alt me gjer vil me saman oppnå livskvalitet og utviklingskraft i heile Sogn.